

Årsmelding 2018-2019

Universitetet i Stavanger

Innhold

I	Melding frå styret.....	s. 2
II	Introduksjon til verksemd og hovudtal.....	s. 5
III	Aktivitetar og resultat i 2018.....	s. 7
	o Verksemdsområde 1: Utdanning	
	o Verksemdsområde 2: Forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid	
	o Verksemdsområde 3: Samfunnsengasjement	
	o Verksemdsområde 4: Organisasjon og ressursar	
	o Anna rapportering	
VI	Styring og kontroll i verksemda.....	s. 26
V	Vurdering av framtidsutsikter.....	s. 32
VI	Rekneskap.....	s. 46

Vedlegg:

1. Nasjonale styringsparametrar, resultat for UiS
2. Prioriterte tiltak og aktivitet 2018, fakulteter og museum
3. Sektormål for universitets- og høgskolesektoren

I Melding frå styret

Universitetet i Stavanger har i 2018 vore i god vekst med auke i talet på studentar, stipendiatstillingar og i talet på årsverk. UiS er ein effektiv organisasjon med god økonomistyring og høgt aktivitetsnivå.

Styrets arbeid

Styret gjennomførte seks styremøte i 2018 og behandla 106 saker inkludert orienteringar. Om lag ¼ av sakene gjaldt kunngjering av stillingar eller tilsettingar. Det årlege strategiseminar for styret vart gjennomført i februar med tema "UiS sin rolle i samfunnet". Utviklingsavtalen, medisinstudium og bygg- og campusutviklingsplan er blant dei viktigaste temaa styret har arbeidd med i 2018. Eit prioritert arbeid for styret i 2018 var å førebu rekruttering av ny rektor og ny organisasjons- og leiarstruktur på nivået under tilsett rektor. I styremøtet 6. desember 2018 vart professor Klaus Mohn tilsett som rektor frå 1. august 2019.

Samla resultat, måloppnåing og ressursbruk 2018

Utdanning

Søkjartala til UiS er framleis på eit høgt nivå. Resultata frå studentopptaket i 2018 er samansett. Søkjartala er noko betre, mens dei totale opptakstala er litt svakare enn i 2017. Det har vore ein liten auke i avlagte studiepoeng per student i 2018, men UiS ligg framleis under sitt eige måltal. På bakgrunn av dei gode søkjartala, tyder resultatet av opptaket i 2018 på at universitetet diverre ikkje trefte godt nok med overbookinga i opptaksprosessen. Dette er noko styret vil følgje med på. I 2018 har utviklinga av teknologisk infrastruktur vore prioritert for å kunne leggje til rette for betre studiekvalitet ved å digitalisere studieprosessane. Bestillingsportal og digital ekspedisjon for studentar er implementert. Talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av samla antal studentar har gått noko opp sidan i fjor. Etter fleire år med nedgang i påmelding til kurs til etter- og vidareutdanning, er styret fornøgde med tendensen der nedgangen no har flata ut, eller snudd.

Forsking

Foreløpige tal viser at vitenskaplege publiseringspoeng per UFF-stilling ligg litt under måлтаlet for 2020. Gledelig er det då at talet på vitenskaplege publikasjonar på nivå 2 ligg langt over måлтаlet for 2020. Den positive trenden med auke i avlagte doktorgrader fortsette, og med 50 avlagte doktorgrader i 2018 vart det igjen ny rekord. 60 prosent av doktorandane var kvinner. Innsatsen for å auke tildeling av eksterne midlar til forskingsprosjekt ved UiS har gitt resultat i form av blant anna auka tildeling frå Forskningsrådet i 2018. Fleire av våre sterke fagmiljø lukkast med å få tilslag på sine søknader om ekstern finansiering. Diverre har det vore ein nedgang i talet på søknader til H2020 som er innvilga. Det er sett i gang fleire tiltak for å hjelpe på dette i 2018 og styret vonar at resultata vil betre seg på kort sikt. I 2018 fekk 13 yngre framifrå forskarar tilført strategiske midlar som er knytte opp til obligatorisk utanlandsopphald.

Samfunnsengasjement

UiS er eit universitet som kommuniserer aktivt med omverda. Styret ser at UiS er ein god formidlingsinstitusjon og samfunnsbyggjar. Saman med NORCE arbeider UiS for å skape eit nasjonalt tyngdepunkt for helseteknologi med internasjonal slagkraft når det nye universitetssjukehuset blir lokalisert på Ullandhaug. I 2018 er HelseCampus Stavanger formelt etablert. Arrangement og møteverksemd i Verdiskapingsforum ved UiS har hatt rekordmange deltakarar frå næringsliv, offentlege verksemd, politikk og akademia i 2018. Særleg samhandlingsgruppa for store prosjekt og klyngeutvikling har bidrege til gode koplingar i forkant av oppretting av klynger. Ei ny digital plattform for kommunikasjon med eksterne aktørar vart lansert i tråd med mål for 2018. Talet på formidlingsbidrag auka i 2018 og ligg godt over måлтаlet.

Organisasjon og ressursar

2018 har, som i 2017, vore prega av intern omorganisering, som er gjennomført etter planen.

Organisasjonsutviklingsprosessen er vidareført i 2018, med implementering av vedtekne utviklingstiltak. Målsettinga har vore å sikre betre ressurstilgang- og utnytting og å styrke leiing og koordinering. No er det meste på plass i arbeidet med å sentralisere HR- og økonomifunksjonane ved UiS. Målsetting om 28 prosent kvinner i professor- og dosentårsverk vart overskriden med god margin. Mykje av forklaringa på dette kan nok tilskrивast balanseprosjektet *Kvinner til topps*.

Prioriteringar for 2019

Frå 1. august 2019 går Universitetet i Stavanger inn i ein ny æra med nytt styre, ny tilsett rektor og tre nye prorektorar. Ny direktør for organisasjon og infrastruktur startar på same tid. Mykje innsats er lagt ned frå organisasjonen i heile 2018 for å leggje til rette for ny organisasjons- og leiarstruktur under tilsett rektor. Vår målsetting er å utvikle organisasjonen på ein slik måte at den best mogleg støttar opp under universitetet sine oppgåver innan utdanning, forskning, innovasjon og samfunnsengasjement. Det har vist seg utfordrande å realisere dei gevinstane styret har lagt til grunn for vedtatte organisasjonsendringar og styret forventar tett oppfølging for å sikre gevinstrealisering dei komande åra.

Organisering og oppfølging av tematiske satsingar, tverrfagleg samarbeid, kvalitetssikring og synleggjing av forskinga vår vil vere viktige oppgåver òg i 2019. Arbeidet med campusutvikling, helsesatsing, medisindanning og auka ekstern finansiering vil framleis vere høgt prioritert. Styret vil følgje nøye med på kva som kjem ut av tiltaka for å støtte forskarane i søknadsarbeidet deira. Styret forventar framgang både på kort og lang sikt.

Universitetet i Stavanger deltar i Kunnskapsdepartementet si ordning med utviklingsavtalar. Styret valde i 2016 ut fire utviklingsområder som sentrale for UiS:

1. Innovasjon, entreprenørskap og kunnskapsdeling for nyskaping og omstilling
2. Studentane sine entreprenørskapsaktivitetar
3. Digital kompetanse og internasjonalisering i lærarutdanningane
4. Auka attraktivitet gjennom studentmobilitet

Universitetet i Stavanger er anten i rute eller godt på veg med utviklingsmåla 1-3, men har eit godt stykke igjen på utviklingsmål 4. Dette er noko styret er uroa for, og vil rette særskild merksemd mot framover. 2019 er siste år med gjeldande utviklingsavtale og styret vil følgje resultat og måloppnåing fram mot sluttrapporteringa.

Styret er opptatt av den igangverande nasjonale utgreiinga av medisindanning i Noreg, der UiS er ein av aktørane som er nemnt i mandatet for utgreiingsarbeidet. Derfor har styret løyvd strategiske midlar til arbeidet med ein studieplan og andre nødvendige tiltak for å få klinisk medisin lagt til UiS. I tillegg har styret spelt inn behov for 70 studieplassar i medisin til KD i satsingar utanfor ramma. Styret ser medisindanning som ein viktig byggestein i helsesatsinga ved UiS og vidareutviklinga av Det helsevitskapelege fakultet, som i 2019 startar opp utdanningar innan jordmorfag og paramedisin. UiS vil følgje nøye arbeidet til den nasjonale utgreiingsgruppa for medisindanning som skal avlevere innstillinga si i september 2019, og også den vidare prosessen for å sikra medisindanning til UiS.

Når det gjeld bygg- og campusutvikling, er styret opptatt av UiS sitt prekære behov for nye lokale. Dette gjeld nybygg for Det helsevitskapelege fakultet som er planlagt bygd tett innpå det nye universitetssjukehuset på campus. Nybygget er ei viktig brikke i helsesatsinga ved UiS saman med initiativet HelseCampus Stavanger som har til formål å samle helseaktivitetar og aktørar i Stavanger-regionen med blant anna UiS og SUS som sentrale drivkrefter. Samstundes manglar UiS fortsatt løyvingar frå KD for å kunne få på plass eit sårt tiltrengt magasin- og formidlingsbygg til Arkeologisk museum og nye areal for teknologi og innovasjon ved Det teknisk-naturvitskapelege fakultet. UiS har nyleg gitt Statsbygg i oppdrag å utarbeide ein ny campusutviklingsplan for å få ein oppdatert og operativ plan som tar inn i seg noverande og framtidige behov for bygg og infrastruktur både på Ullandhaug og i Stavanger sentrum.

Styret vil i 2019 fortsatt vere opptatt av utviklinga på dei områda som er adressert i etatsstyringa; særleg gjennomstrømming på bachelorprogramma og korleis studentane opplever studiekvaliteten. Vedtak og implementering av UiS sitt reviderte system for kvalitet i utdanningane vil vere sentralt i arbeidet på dette området.


Marit Boyesen
styreleder


Dag Husebø
nestleder


Fredrik N. Skår


Siri Espedal Kindem


Svein Erik Tuastad


Janne Johnsen


Eimund Nygaard


Sverre Daniel Gaupas


Eskild Holm Nielsen


Fatema Al-Musawi


Hilde Marie Hunsbedt

II Introduksjon til verksemd og hovudtal

Samfunnsoppdrag

UiS er underlagt Kunnskapsdepartementet. Universitetsstyret er det øvste styringsorganet, med ansvar for at institusjonen leverer gode resultat for samfunnsoppdraget innan utdanning, forskning og kunstnarisk utviklingsarbeid, med effektiv ressursutnytting og drift i samsvar med lovar, reglar og forskrifter. Studieporteføljen består primært av fleirfaglege og yrkesretta studium innan teknologi, utdanning, helse- og sosialfag, økonomi og leining, hotell og reiseliv, kunst-, kultur- og mediefag. Disiplinfaga (realfag, samfunnsfag og språk) utgjør eit viktig fundament for universitetet sine tverrfaglege utdanningar. Forskinga ved universitetet er i stor grad retta mot samfunnssektorane vi utdannar kandidatar til. Grunnleggjande forskning står sentralt innan alle doktorgradsområda.

Organisasjon


UiS er organisert på tre nivå. Kjerneverksemda er konsentrert rundt seks fakultet og eit arkeologisk museum på nivå 2. Det er store skilnader i størrelsen på fakulteta. Nokre har ei organisering med institutt på nivå 3, andre har avdelingar. Administrative tenester er frå 1. januar 2018 samla på to nivå med stor grad av sentralisering.

Universitetet har vald rektor, Marit Boyesen, fram til 1. august 2019. Då tiltrer tilsett rektor Klaus Mohn. Samstundes vil ny organisering av toppleiinga tre i kraft, eit utslag av universitetet sin fleirårige organisasjonsutviklingsprosess. Styret har vedtatt at UiS skal ha tre prorektorar frå 1. august 2019, samt ein direktør for organisasjon og infrastruktur. Prorektor for utdanning skal ha ansvar for fellestenester for utdanningsstøtte og -utvikling, samt etter- og vidareutdanning. Prorektor for forskning skal ha ansvar for fellestenester for forskingsstøtte og bibliotek, og prorektor for innovasjon og samfunn skal ha ansvar for fellestenestene kommunikasjon og samfunnskontakt. Direktør for organisasjon og infrastruktur skal ha ansvar for fellestenestene HR, økonomi, IT, bygg- og arealforvaltning, samt verksemdstyring. Økonomi- og verksemdstyring er samla i ei avdeling fram til 1. august, men når ny verksemdleiing tiltrer, blir det òg etablert ei ny avdeling for verksemdstyring og -utvikling.

Visjon

Universitet i Stavanger sin visjon er å fungera som ei drivkraft i kunnskapsutvikling og endringsprosessar i samfunnet. I alt vi gjer skal vi utfordre det velkjende og utforske det ukjende.

Figur 1: Kart over verksemda
(frå 01.08.2019)



Figur 2: Hovudtal for UiS

Hovudtal	2014	2015	2016	2017	2018
<i>Menneskelege ressursar</i>					
Antal tilsette	1 397	1 534	1 666	1 695	1 797
Antal årsverk	1 189	1 279	1 372	1 422	1 483
Omsetjing (årsramme, mill. kr)	1 394	1 491	1 613	1 713	1 806
<i>Utdanning og forskning</i>					
Antal studentar, haust	10 105	10 665	10 900	11 410	11 815
Uteksaminerte kandidatar (gradsgjevande)	1 938	1 917	2 123	2 285	2 345
Doktorgradsavtalar (eigne program, vår)	284	283	332	381	360
Uteksaminerte doktorgradskandidatar	26	40	47	48	50
Bachelorprogram (haust) – studietilbod	29	31	31	31	34
Masterprogram (haust) – studietilbod	34	35	39	46	45

III Aktivitetar og resultat i 2018

Utviklingsavtalen

Utviklingsmåla og parametrane blir følgde opp i fageiningane, koordinert frå universitetet si fellesteneste. Det er utarbeidd tiltaksplanar knytte til utviklingsmåla.

Utviklingsmål 1: Innovasjon, entreprenørskap og kunnskapsdeling for nyskaping og omstilling

Måleparametrar:

- A. Auke aktiviteten i studium og forskning på områda energi og hav, smarte byar og helseteknologi
- B. Auke talet på kommersialiseringar totalt i regi av Validé
- C. Auke ekstern finansiering særleg Horizon2020
- D. Auke deltakinga og medlemskap av forskarar i europeiske forskar-/industrinettverk
- E. Utvikle ein metodikk som beskriv innovasjons- og samfunnseffektar av forskning ved UiS

Og i 2018 er måloppnåinga for parametrane A, D og E god. Det er ein markert oppgang i aktiviteten under punkt A, særleg innan energiområdet. I 2018 utvikla energiinstitutta på universitetet eit nytt tverrfagleg masterstudium i *Computational Engineering*. Institutt for data- og elektroteknologi starta opp eit nytt masterstudium i *Data Science* og utvikla eit nytt masterstudium i *Applied Data Science*. Innan området energi og hav, er Det teknisk-naturvitskaplege fakultet med i tre nyoppretta næringsklynger som hausten 2018 vart tekne opp i Siva, Noregs forskingsråd og Innovasjon Noreg sitt klyngeprogram, *Norwegian Innovation Clusters*. Klyngene er *Norwegian Energy Solutions*, *Norwegian Offshore Wind* og *STIIM Aqua Cluster*. Prosjektet *Future Energy Hub* er ferdig etablert. I 2018 vart det arbeid fram ein ny samarbeidsavtale med Equinor. Blant prosjekta i avtalen er eitt knytt til havvind.

Universitetet oppretta *Forskningsnettverk for helse og teknologi* i 2018. Nettverket skal samordne forskning innan helse og teknologi og er eit samarbeid mellom Det helsevitskaplege fakultet og Det teknisk-naturvitskaplege fakultet, samt med Stavanger Universitetssjukehus (SUS) og NORCE. Med utgangspunkt i nettverket er det etablert fleire nye forskingsprosjekt i grenselandet mellom teknologi og helse.

Talet på kommersialiseringar i 2018 har gått markert opp frå i fjor, men ligg framleis eit stykke bak målsettinga for 2020. Tilhøvet for ekstern finansiering har vore vanskeleg i regionen dei siste åra. Resultatet i 2018 syner ein fortsett nedgang i ekstern finansiering som del av statlege inntekter, men ligg noko over universitetet sin eigen prognose. Ein betydeleg kontraktinngang på slutten av 2018 gjev tru på betring i 2019. Finansieringa frå Horizon2020 er og lågare i 2018 enn i 2017. UiS har tru på at styrking av støtteapparatet og tilsetting av posisjoneringskoordinatorar vil betre resultatane allereie i 2019.

UiS slutta seg til to nye europeiske forskar- og industrinettverk i 2018. Dette er i samsvar med universitetet si eiga målsetting. Aktiviteten på dette verksemdsområdet er høg og det blir arbeid med å knyte UiS til to nye nettverk i 2019.

Arbeidet med å utvikle ein metodikk for å beskrive effekten av universitetet si verksemd på innovasjon og samfunn held fram saman med partnerane våre i ECIU. I 2018 har det vore høg aktivitet, blant anna har ECIU hatt felles samlingar med Multirank og EU-JRC.

Utviklingsmål 2: Entreprenørskapsaktivitetar blant studentar

Måleparametrar:

- A. Auke talet på bedriftsetableringar frå studentar

- B. Auke talet på inGenious-prosjekt til åtte per år
- C. Auke studentane sitt samarbeid med næringsliv og offentleg sektor, målt ved samarbeidsavtaler registrert i FS

Universitetet har ikkje sett ein auke i bedriftsetableringar frå studentar i 2018. Arbeidet med å auke interessa for dette blant studentane blir intensivert i 2019, saman med Validé. Utvikling og etablering av felles inGenious-avtalar i ECIU har tatt betydeleg lenger tid enn forventa. Dei første avtalane blir skrivne våren 2019 med Twente og Linköping. Samstundes blir det lagt til rette for å skaffe fleire prosjekt og oppgåver frå arbeidslivet.

Resultata på parameter C vart registrert første gang i 2018 då målet vart tatt inn i FS. Utgangsverdien for 2018 er 79 og skal auke i 2019. Dei fleste avtalane som er registrerte er på doktorgradsnivå. Universitetet oppretta samhandlingsportalen i 2018. I portalen kan eksterne og interne aktørar registrere prosjekt som ein ønskjer at studentar og lærarar skal arbeide med, til dømes i form av bachelor- eller masteroppgåver. Vi har tru på at portalen vil gi ein auke i prosjektsamarbeid med næringsliv og offentleg sektor også på bachelor- og masternivå.

Utviklingsmål 3: Digital kompetanse og internasjonalisering i lærarutdanningane

Måleparametrar:

- A. Ein digital, didaktisk verkstad for studentar og lærerutdannarar
- B. Lærerutdanningsstudentar si rapportering om bruk av digitale læremiddel
- C. Bruk av digitale undervisningsformer blant lærarar på lærarutdanninga
- D. Talet på ferdige kandidatar i lærarutdanningane som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden skal auke med fire prosentpoeng i snitt per år i perioden
- E. Talet på innreisande utvekslingsstudentar til IBU, IGIS og IKS skal auke i snitt fire prosentpoeng per år
- F. Talet på vitskapleg tilsette i lærarutdanningane som har internasjonalt forskingsopphald skal auke

Måloppnåing for måleparameter A er god. Den didaktisk digitale verkstaden er i stadig utvikling og bruken er aukande. I 2018 vart talet på studentassistentar auka til fire for å halde tritt med aktivitetsnivået. I tillegg er det tilført ein AV-tilsett ved fakultetet, ein lærling og ein leiar. Verkstaden blir brukt som undervisningsrom som lærarar kan booke til eiga undervisning, øvingsrom for studentar og til opplæring. Utstyr og programvare er i god utvikling og verkstaden omfattar no programmering og koding, dataspel og gamification, VR/AR, AI-teknologi og CoSpaces samt makerspace for lærarstudentar.

Studentane og lærarane sin bruk av og kunnskap om digitale læremiddel målt ved resultata i Studiebarometerets digitaliseringsindeks er i hovudsak uendra. Vurdering av måloppnåing er basert på eit snitt for lærarutdanningane over heile indeksen, som er 3,3 i 2018, som i 2017. Blant programma er det GLU 1-7 som har ei positiv utvikling i resultata ved at respondentane vurderer både eigen og lærarane sin kunnskap som vesentleg betre enn i 2017. For dei andre lærarutdanningsprogramma er det lite endring.

Ei undersøking blant lærarane på Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora i 2018 viser at mange lærarar har god kompetanse innan bruk av digital læringsteknologi. Alle fagområda har minst ein lærar som bruker og spreier kunnskap om digital teknologi for læring. Undersøkinga viser òg at sjølv om både lærarane og studentane sine kunnskaper er aukande, er det framleis behov for opplæring og utviklingsarbeid. Fakultetet har høg merksemd kring dette og følgjer opp med handlingsplanar og høg aktivitet.

Måloppnåinga for internasjonaliseringsparametrar i utviklingsmål 3 er betra sidan i fjor, men framleis er ikkje resultatane gode nok. Dette gjeld særleg andelen ferdige kandidatar som har vore på utveksling, der resultatane, trass i høg merksemd og mange tiltak, framleis er låge. Etter ein nedgang i 2017, er resultatane i 2018 tilbake på 2016-nivå, men framleis bak målsettinga. Og etter ein betydeleg nedgang i innreisande studentar til lærarutdanningsinstitutta i 2017, er resultatane i 2018 tilbake på 2016-nivå. Dette er ei gledeleg utvikling sjølv om resultatet ligg litt under målalet.

Internasjonale forskingsopphald blant vitskapleg tilsette viser ein knapp auke frå 2017 til 2018, og utviklinga er i samsvar med målsettinga.

Utviklingsmål 4: Auka attraktivitet gjennom studentmobilitet

Måleparametrar:

- A. Alle gradsstudia skal ha tydelege ordningar og tilstrekkelege avtalar for studentutveksling, som er fagleg relevante og forankra i fagmiljøet
- B. Andelen internasjonale studentar på campus skal auke med eitt prosentpoeng per år i snitt
- C. Andelen ferdige bachelor- og masterkandidatar som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden skal auke med fire prosentpoeng i snitt per år i perioden
- D. Andelen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ skal doblast

Universitetet har arbeidd stadig meir med internasjonaliseringsverksemda dei siste åra og sett i verk mange tiltak. Alle fageiningane har intensivert arbeidet med å leggje betre til rette for utvekslingsverksemda. Likevel er ikkje resultatane enno i ei utvikling som svarar til tiltaka. UiS har derfor ikkje nådd alle dei planlagde delmåla om studentmobilitet i utviklingsavtalen. Andelen studentar som har fullført ei grad med utveksling er ikkje tilfredsstillande. Samstundes har talet på fullførte utvekslingsopphald over tre månadar gått opp i 2018 med 25 % i høve til 2017. Utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ gjekk opp med 60 %. Universitetet har tru på at alt det gode arbeidet som blir gjort i einingane vil føra med seg ei betring av resultatane i løpet av dei neste åra.

Styringsparametrar

Tabellen viser eigne måleparametrar som inngår i UiS sin strategi 2017-2020:

Måleparameter	2016	2017	2018	Mål 2020
Antal studentar totalt (snitt vår/høst)	10 465	10 742	11 235	11 500
Studiepoeng per student	43,7	44,5	44,5	45,0
Andel ferdige kandidatar som har gjennomført eit utanlandsopphald i løpet av graden	7,5 %	8,2 %	6,9 %	20,0 %
Primærskolar per studieplass i Samordna opptak	2,6	2,5	2,6	2,6
Andel uteksaminerte kandidatar på normert tid, BA	45,1 %	43,3 %	41,2 %	50,0 %
Andel uteksaminerte kandidatar på normert tid, MA	47,7 %	47,8 %	51,0 %	50,0 %
Inntekter frå EU og Forskringsrådet per UFF-årsverk	96 400	81 000	75 200	140 000
Totale eksterne inntekter som del av statlege inntekter	20,1 %	17,3 %	16,2 %	25,0 %
Publiseringspoeng per UFF-årsverk*	0,94	1,15	1,11	1,20
Andel publikasjonar på nivå 2 (%)*	20,5 %	18,5 %	24,2 %	23,5 %
Andel vitskapleg publisering med minst ein internasjonal medforfattar (%)*	39,0 %	37,0 %	43,4 %	42,0 %
Antal kommersialiseringar (forretningsidear, patentsøknader, lisenskontraktar og nye foretak) per 10 vitskaplege årsverk	0,74	0,68	0,68	1,10
Andel førstekompetanse (av vitskaplege årsverk)	68,8 %	69,8 %	73,5 %	75,0 %
Andel kvinner i professorstillingar	26,1 %	25,7 %	28,6 %	29,0 %
Digital synlegheit (indeksmål)	100	115	124	200
Formidlingsbidrag i CRISTin	2 984	3 189	3 406	3 300

* Foreløpige tal, UFF = undervisning, formidling og forskning

Verksemdsområde 1: Utdanning

Resultat og vurdering av måloppnåing

Universitetet fullførte revideringa av kvalitetsystemet for utdanningane i 2018. Det nye systemet beskriv arbeidet med kvaliteten i emne, studieprogram og portefølje og skal gjelda frå 2019.

I løpet av året har universitetet gått gjennom alle gradsprogramma slik Kunnskapsdepartementet ba om då studiekvalitetsforskrifta vart revidert. Sjølv gjennomgangane og rapporteringa vart gjort i ein intern prosess som involverte fagmiljø, fagleg leiing og administrasjon på institutta og fakulteta. Rapporteringa via særleg merksemd til dei nye akkrediteringskriteria i forskriftsverket samt krava til læringsutbytebeskrivingar i programma og kompetansen i fagmiljøa. Alle rapportane vart behandla av utdanningsutvalet som er universitetet sitt akkrediteringsutval. Gjennomgangane og rapporteringa har vore ein krevjande, men nyttig prosess for fageiningane og fagmiljøa.

I 2018 vart det gjennomført pilotprosjekt for tilsyn og revidering av akkreditering i tre studieprogram for å prøve ut universitetet sine nye retningslinjer. Revideringa av programma var tufta på evalueringar med deltaking frå ekstern fagfelle og representant frå arbeidslivet. Pilotane omfatta følgjande program:

- Barnehagelærerutdanninga, bachelor
- Økonomi og administrasjon, bachelor
- Informasjonsteknologi, matematikk og fysikk, ph.d.

For alle tre programma var hovudfunna i evalueringa at akkrediteringa kan vidareførast. Komitéane som evaluerte studia gav gode tilrådingar til vidare utvikling av programma. Dei ga òg mange innspel til vidare utvikling av tilsynsprosessen, blant anna om behov for og tilgang på dokumentasjon og data. Slik står universitetet og einingane betre rusta når ordinære sykliske tilsyn startar opp frå 2019.

Nokut sitt tilsyn med bachelorutdanningane i barnevern og sosialt arbeid vart avslutta våren 2018 utan alvorlege merknadar, men med gode tilrådingar for vidare utvikling. Tilsynet med bachelorutdanninga i ingeniørfag, bygg vart òg avslutta for UiS sin del før sommaren 2018.

For å styrka utdanningsleiinga i samsvar med nasjonale føringar, er det utarbeidd retningslinjer og instruks for studieprogramleiing. Alle gradsstudia fekk studieprogramleiar i løpet av vårsemesteret 2018. I haustsemesteret vart første delen av eit opplæringsprogram for studieprogramleiarane gjennomført med tre samlingar. Programmet blir fullført våren 2019.

UNIPED-eininga er sterkt involvert opplæringsprogrammet. Styrkinga av eininga heldt fram i 2018. Målsettinga er å legge betre til rette for å utvikle undervisningskvaliteten ved universitetet og medverke til at det vitenskaplege personalet får gode faglege støttestrukturar for arbeidet med kvalitet i utdanningane. Styrkinga av UNIPED skal òg bidra til å utvikle strukturar og arenaer som fremjar fagmiljøa sine refleksjonar over og forskning på eigen undervisningspraksis, slik kvalitetsmeldinga legg opp til.

Også i 2018 har utviklinga av teknologisk infrastruktur vore prioritert for å leggje til rette for betre studiekvalitet gjennom digitalisering av studieprosessane. Prosjekta som universitetet fekk medfinansiering til i Difi i 2017 for utvikling av digital studentekspedisjon, bestillingsportal, ekstern samhandlingsportal, oppdragsportal og digital porteføljestyling er anten fullført eller planlagt fullført i 2019.

Universitetet søkte og fekk i 2018 støtte frå medfinansieringsordninga i Difi til prosjektet UiS studie- og verksemdsanalyse. Prosjektet skal utvikla universitetets datavarehustenester for studiedata og

betre datatenestene retta mot universitetets styringsorgan og leiing. Slik ønsker ein å betre dataflyten og tenesteytinga i verksemdstyring, utviklingsarbeid og rapportering utan å måtte auke den administrative ressursbruken.

Arbeid med studieporteføljen i 2018 følgde årshjulet som styret har fastsett. Alle avgjerder om etablering av nye studium, opptakstal og eventuell endring av kapasitet i er forankra i vurderingar av porteføljen i fakulteta og i styret. Universitetet akkrediterte og etablerte masterstudium i jordmorfag og bachelorstudium i paramedisin ved Det helsevitskaplege fakultet og masterstudium i religion, kultur og samfunn ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora. Sistnemde er eit engelskspråkleg studium (Master's Degree Programme in Religion, Culture and Society) i samarbeid med VID vitenskapelige høgskole. Det teknisk-naturvitskaplege fakultet heldt fram arbeidet med å revidera og justera porteføljen for å utvikla kvaliteten og relevansen i studia. Som eit ledd i dette arbeidet vart det etablert nye masterstudium i *Applied Data Science, Computational Engineering* og *Risk Analysis and Governance*. Også masterstudiet i *City and Regional Planning* vart omorganisert og re-etablert. Blant anna som ei følgje av evaluering og tilsyn med bachelorutdanninga i økonomi og administrasjon, vart det direkte opptaket til det femårige løpet vedtatt lagt ned. Handelshøgskolen ved UiS ønsker å konsentrera innsatsen om å utvikla siviløkonomstudiet innanfor ein 3+2-modell.

Universitetet fekk 30 nye studieplassar innan IKT over det ordinære statsbudsjettet i 2018. Studieplassane er fordelt til IKT-studium på bachelor- og masterutdanningane i teknologi. I RNB 2018 fekk universitetet 20 nye studieplassar til sjukepleiestudiet. Dei nye plassane vart fylt ved opptaket i 2018 og styret har fastsett auka opptakstal også for 2019.

Resultata av studentopptaket i 2018 er samansett. Søkjartala er noko betre, men dei totale opptakstala noko svakare enn 2017. Tala frå Samordna opptak (SO) viser at UiS hadde 5 984 primærsøkjjarar til 2 255 studieplassar i det nasjonale opptaket. I dei lokale opptaka ved UiS var det 5 930 søkjjarar til toårige masterstudium og påbyggings- og vidareutdanningar, ein auke på 10 %. Til det internasjonale opptaket i 2018 var det 2 800 søkjjarar til 330 plassar.

Etter at universitetet fekk 20 nye studieplassar til sjukepleie i RNB, var det 2 644 studentar som registrerte seg til 2 275 opptaksplassar på grunnstudia via Samordna opptak. Det gir ein oppfyllingsgrad til grunnutdanningane via SO på ca. 116 %, som er litt svakare enn i 2017 då oppfyllingsgraden var på ca. 121 %.

I dei lokale opptaka er det registrert 1 594 studentar til 1 685 plassar, noko som gir ein oppfyllingsgrad på 95 %. Dette er på nivå med 2016, då 93 % av opptaksplassane vart fylde opp, men svakare enn 2017 og ein del under måltalet på 115 %. Totalt sett er oppfyllingsgraden for heile opptaket 107 % som er svakare enn måltalet. På bakgrunn av dei gode søkjartala, tyder resultatet av opptaket 2018 på at universitetet ikkje trefte godt nok med overbookinga i opptaksprosessen.

Studentmobilitet er stendig høgt på agendaen for universitetet. Ved alle fakulteta vart det jobba godt med å sikre eksisterande utvekslingsavtalar og å skrive nye avtalar med institusjonar som blir tilrådd i studieprogramma. Det blir lagt vekt på å gjera tilbodet om utveksling og informasjonen tilgjengeleg og relevant, både digitalt og som ein del av undervisninga. Som eit ledd i dette har to av fakulteta starta pilotar med å engasjera utvekslingsambassadørar. Desse studentane har blant anna deltatt i informasjonsarbeidet om studentutveksling på campus og skrive bloggar frå utvekslingsopphalda sine i utlandet.

UiS tek aktivt del i Erasmus+ sine ulike tiltak innan mobilitet og samarbeid om utdanning. UiS koordinerer fem aktive UTFORSK-prosjekt og tre NORPART-prosjekt, der det vart arrangert tre ulike sommarskular i 2018. Universitetet fekk òg tilslag på to nye INPART-søknader i 2018.

Universitetet jobbar framleis med å forenkla og digitalisera søknadsprosessane for utvekslingsopphald.

Også i 2018 makta universitetet å halda oppe ein høg svarinngang i Studiebarometeret, noko som gir legitimitet både til resultatata og oppfølginga. I året som gjekk heldt universitetet fram arbeidet med satsingsområda fastsett av styret. Trass i tiltaka som er sette i verk, er resultatata i barometeret i all hovudsak uendra frå 2017. Kor tilfredse studentane er med studia sine, slik dette blir målt i Studiebarometeret, synest å vera rimeleg stabilt over tid.

Nasjonale styringsparametrar

Gjennomføringa på normert tid på bachelorutdanningane er 41,2 % og viser ein nedgang i høve til i fjor. Dette er eit stykke frå universitetet si målsetting. Gjennomføringa på masterutdanningane har vore stabil over fleire år. I 2018 var det 51 % som gjennomførte på normert tid og dette er over måлтаlet for universitetet. Resultata for avlagte studiepoeng per student er òg stabile, 44,3 i 2018 og 44,5 i 2017. Ambisjonen for 2020 er sett til 45.

Basert på tal frå DBH bruker UiS-studenten i snitt 34,2 timar i veka på studiearbeid, organisert og sjølvstudium. Dette er om lag som det nasjonale snittet på 34,4. I tillegg bruker UiS-studenten om lag 10,7 timar på lønsarbeid, litt over det nasjonale snittet på 7,9. Det er relativt stor ulikskap mellom fakulteta rundt UiS-snittet. Medan studentane ved Det helsevitskaplege fakultet og Det teknisk-naturvitskaplege fakultet svarer at dei bruker høvesvis 41,9 og 41,5 timar i veka på studia, svarer studentane ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora og Det samfunnsvitskaplege fakultet at dei bruker høvesvis 27,3 og 28 timar.

Talet på utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt antal studentar viser ein auke, resultatet er 1 % mot 0,64 % i 2017. Resultatet er godt over universitetet si målsetting for 2018.

Kandidattalet for sjukepleiarutdanninga er 200 og ligg godt over måлтаlet på 167. Det same gjeld GLU 5-10, der kandidattalet er 50, som er klart over måлтаlet. For PPU er kandidattalet i 2018 170 som er litt under måлтаlet på 174. På barnehagelærerutdanninga vart det uteksaminert 135 kandidatar som er klart betre enn måлтаlet på 115. På GLU 1-7 vart det uteksaminert 40 kandidatar som er det same som i 2017, men under måлтаlet på 56. Som ved andre institusjonar, er rekrutteringssituasjonen til denne utdanninga framleis vanskeleg. Ved lektorutdanninga vart det uteksaminert 20 kandidatar, som er under måлтаlet på 28.

Kandidattala på ABIOK-utdanninga var 55 i 2018. Universitetet tek opp studentar til masterutdanninga i spesialiserte sjukepleie (anestesi, intensiv og operasjon) kvart år, medan vidareutdanninga i kreftsjukepleie har opptak annakvart år. Kandidattala på universitetet si ABIOK-utdanning vil derfor kunne liggja noko under måлтаlet på 34 annakvart år, men vesentleg over måлтаlet i andre år. Resultata dei siste tre åra er: 2016: 45, 2017: 30, 2018: 55, om lag 43 i snitt for dei tre åra.

Etter- og vidareutdanningsverksemda

Etter fleire år med nedgang i påmelding til kurs, har denne tendensen no flata ut eller snudd. Fleire kurs har òg ventelister. Talet på studentar som følgjer kurs og program i regi av EVU-avdelinga har hatt ein liten vekst i 2018. Veksten kjem av auka ekstern aktivitet, der omsettinga hadde ein oppgang på 20 %, medan det er nedgang i EVU-opppdrag internt.

I 2018 starta eit arbeid med å gå gjennom den noverande organiseringa av EVU-aktiviteten på UiS, og styret vil få ei sak våren 2019 om dette. Arbeidet er blant anna basert på forventingar i

kompetansereforma for arbeidslivet, *Lære hele livet*, UHR gjennomgang av finansieringsordningane for EVU og UiS sine europeiske satsingar, ikkje minst på EVU. Når det gjeld finansieringsordningar i sektoren, er det nødvendig å få på plass eit system der alle aktørane har like vilkår for å driva EVU-verksemd i Noreg.

I samarbeid med The European Consortium of Innovative Universities, er UiS sterkt involvert i to europeiske initiativ. Eitt av desse er i ERASMUS+-programmet European Universities – eit satsingsfelt i EU. Det andre er eit initiativ i ERASMUS+-programmet Knowledge Alliance, der EVU-avdelinga på UiS leier et initiativ for å utvikle eit nytt økosystem for utveksling av nettbaserte EVU-kurs i Europa.

UiS er sterkt engasjert i etterutdanning i barnehage og skole gjennom den desentraliserte ordninga (DEKOMP og REKOMP) som KD har vedtatt. 2018 var eit viktig år for å vidareutvikle partnerskap med fylkesmann, barnehage og skole. Lærarutdanningane og dei to nasjonale sentra (Lesesenteret og Læringsmiljøsentret) ved Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora arbeider tett med barnehage og skole om arbeidsplassbasert kompetanseutvikling som og påverkar sjølve utdanningane. Livslang læring i tett samarbeid med utdanningane er ei prioritert arbeidsoppgåve. Vi er òg opptekne av at kompetansen til dei to nasjonale sentra kjem heile landet til gode. Fagområdet deira er av stor nasjonal tyding.

NettOp-UiS, digitalisering av utdanning

NettOp-UiS tilbyr tenester og støtte til digital utvikling i utdanningane. Auken i opptak og bruk av streaming av førelesingar stig jamnt og volumet på utvikling og bruk av videomateriale breiar om seg meir enn før og på fleire fakultet. NettOp har etablert eit eige podkaststudio. Tilbakemeldingar frå studentane syner at dei liker godt lydformatet og ei rekkje lærarar produserer faglege podkastserier (podcast.uis.no), med www.akademiskskrivning.no, støtta av Nasjonalbiblioteket.

NettOp-UiS yter òg tenester i FoU-prosjekt, til dømes i U-Say for Handelshøgskolen UiS, om tankesett blant vg1-elevar. NettOp-UiS har utvikla ei brettløsning for å samla inn forskingsdata, som blir nytta i fleire nasjonale prosjekt, til dømes Two Teachers og Agderprosjektet. NettOp-UiS leverer tenester i tre ERASMUS+ prosjekt.

KnowHow EdTech-konferansen er no vel etablert. I 2018 var det kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner som stod for opninga. Konferansen er no ein del av den årlege Smartby-Nordic Edge Expo i Stavanger og ein viktig del av universitetet sitt samfunnsansvar når det gjeld kompetanseoverføring om digitaliseringa i utdanningane.

Verksemdsområde 2: Forsking og kunstnarisk utviklingsarbeid

Resultat og vurdering av måloppnåing

UiS sine mål på dette verksemdsområdet handlar om at kritisk og uavhengig forskning skal gjere UiS til ein ettertrakta forskingspartnar med resultat som kjem samfunnet til gode. Verksemdsmåla har ei klar kopling til sektormål nr. 1 og 2, men skal og bidra til sektormål nr. 4 (sjå vedlegg 3). Til å vurdere resultat og måloppnåing i 2018, har vi tre eigne styringsparametrar i tillegg til dei nasjonale parametrene.

Måltal for parameteren publiseringspoeng per UFF-årsverk er 1,2 for 2020. Foreløpig resultat for 2018 er 1,11 publiseringspoeng i snitt per UFF-årsverk. Vi ser for 2018 ei noko meir positiv utvikling på dei to strategiske styringsparametrene andel publikasjonar på nivå to, som var 24,2 %, samt andel publisering med minst ein internasjonal medforfatter, som var 43,4 % (førebels tal).

I 2018 fortsette den positive trenden med fleire disputasar, og tala heldt seg stabilt høge med 50 uteksaminerte ph.d kandidatar. Heile 60 % av desse var kvinner. I tillegg fullførte to kandidatar stipendiatprogrammet i kunstnarisk utviklingsarbeid. Programmet leier ikkje fram til ein doktorgrad, men gjev førsteamanuensiskompetanse. På den nasjonale parameteren andel ph.d.-kandidatar som disputerar innan seks år, ligg 2018-resultatet på 63,5 %, rett under 2017-resultatet og klart under UiS sitt førebels beste årsresultat i 2016 (68,2 %).

Når det gjeld ekstern finansiering, syner dei to nasjonale styringsparametrene bidragsinntekter NFR per UFF-årsverk og andre bidrags- og oppdragsinntekter per UFF-årsverk, noko betre resultat enn i 2017, men lågare enn resultatene var for 2015 og 2016. UiS har i tillegg definert ein eigen strategiparameter for NFR- og EU-inntekter samla per UFF-årsverk med måltal 140 000 kr/årsverk i 2020. Resultat for 2018 vart berre 75 200 kr/årsverk, ein ytterlegare nedgang frå 81 000 kr/årsverk i 2017 og 96 400 kr/årsverk i 2016.

Verdi av H2020-kontraktar per FoU-årsverk, var 3 193 euro i 2017. Tilsvarende tal for 2018 er ikkje tilgjengeleg på noverande tidspunkt. Nifu-statistikken la for 2017-resultatet tal på FoU-årsverk frå 2015 til grunn for berekninga, dvs. 334 FoU-årsverk for UiS. Tilsvarende tal for 2017 var 437 FoU-årsverk. Sjølv om vi ikkje har tal på kontraktsverdiar for H2020, vil auken i berekna FoU-årsverk slå kraftig ut dersom ny skår blir rekna ut frå 2017-årsverk.

I 2018 vart det fremja ei sak for universitetsstyret som retta merksemda mot å auke ekstern finansiering, særleg frå NFR og H2020. Åtte tiltak vart vedtekne, blant anna om utgåande mobilitet, val og oppfølging av forskarar som har potensial for å nå opp i FRIPRO og ERC, og administrativ støtte til forskarar i utforminga av søknader med høg kvalitet.

Universitetet i Stavanger har eit av dei leiande kompetansemiljøa i landet innan barnehageforskning. I konkurranse med mange andre forskingsmiljø, vann UiS fram med sin søknad om å oppretta FILIORUM-senter for barnehageforskning. Senteret hadde si offisielle opning i august. 50 millionar kroner frå NFR vart delt likt mellom HVL og UiS for å auke forskinga på kvalitet og kvalitetsskilnader mellom barnehagar. I perioden 2014-2018 leia Lesesenteret COST-aksjonen *E-READ: Evolution of Reading in the Age of Digitisation*, som samla nær 200 forskarar frå meir enn 30 land. *E-READ* heldt sluttkonferansen sin i Stavanger i oktober 2018.

Forskingssenteret for pasientsikkerheit, SHARE, har ved utgangen av 2018 knytta til seg 19 medforskarar i ulike prosjekt. SHARE har òg starta arbeidet med ein plan for internasjonal mobilitet. Planen inneber utgåande (28 mnd) og inngåande (24 mnd) mobilitet som svarar til 1,7 millionar kroner i den komande femårsperioden.

UiS har sidan 2013 vore vertskap for Det nasjonale IOR-senteret. Etter gjennomført midtveisevaluering, fekk senteret våren 2018 forlenga finansieringa frå Forskringsrådet for tre nye år. Evalueringa konkluderte med at IOR-senteret har gjennomført forskning av høg kvalitet som har blitt anerkjent med internasjonale prisar.

Fleire sterke fagmiljø ved UiS lukkast med å få tilslag på sine søknader om ekstern finansiering i 2018. Særleg kan dei to FRIPRO-prosjekta som vart innvilga i 2018 trekkjast fram:

- Institutt for matematikk og fysikk ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet fekk toppkarakter og tilslag i Forskringsrådet sitt program FRIPRO Unge forskertalenter med prosjektet *Deep learning the real-time properties of strongly correlated quantum fields*.
- *Greenhouse-miljøet* ved Institutt for kultur- og språkvitenskap ved Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora har jobba målretta over tid med å byggje opp eit sterkt fagmiljø innan forskning på miljøhistorie. Dei fekk støtte frå Forskringsrådet til heile tre prosjekt i 2018, blant anna eitt innan kategorien FRIPRO forskarprosjekt.

I 2018 fekk UiS som prosjektansvarleg institusjon 65,7 millionar kroner i tildeling frå Forskringsrådet. Dette er ein auke frå 58,2 millionar i 2017. UiS var prosjektleiari i 73 søknader til Forskringsrådet i 2018, ein nedgang frå 2017. EU-tildelingar utgjorde 7 millionar kroner i 2018, ein auke frå 5,8 millionar i 2017. Tilsvarende tal for 2016 var 7,5 millionar kroner. (Kjelde: Prosjektbanken, NFR)

UiS arbeider framleis målretta for å auke tilslaga i H2020. I tillegg til kurs, seminar og direkte kontakt mellom EU-eininga og vitenskapleg tilsette, var 2018 det første året der seks EU-posisjoneringskoordinatorar var i arbeid. Desse er forskarar med eit ansvar for å auke mobiliseringa og deltakinga i H2020. Ein av desse koordinatorane har lukkast med å få eit prosjekt som skal forhandlast i byrjinga av 2019.

Det vart sett i gang fleire tiltak for å auke talet på søknader og kvaliteten på søknadene om ekstern finansiering av forskarprosjekt ved UiS. Det vart blant anna arbeidd med å laga felles rutinar for søknadsprosessen og med å laga gode informasjonssider på UiS sitt nye intranett. Forskrings- og innovasjonsavdelinga arrangerer både kurs og interne seminar og støtte til forskarar for å auke kvaliteten på søknader mot H2020 og NFR. UiS har og fleire avtalar med konsulentar som hjelper i dette arbeidet. UiS jobbar og aktivt med å mobilisere næringsklynger i Rogaland og Hordaland til å ta del i EU-søknader.

Samhandlingsgruppa klyngeutvikling under Verdiskapingsforum er ein viktig arena for koordinering, samarbeid og debatt om moglege store søknader og regionale initiativ.

UiS har og lagt til rette for auka internasjonalt samarbeid. I 2018 fekk 13 yngre framifrå forskarar som heldt eit høgt forskingsnivå tilført strategiske midlar. Kvar kandidat får eit internt stipend på om lag 150 000 kroner som er knytt opp til eit obligatorisk utanlandsopphald. I tillegg vart det tilført meir enn 1 million kroner av sentrale midlar for utgåande mobilitet til vitenskapleg tilsette for å styrka internasjonalt samarbeid. Det vart og gjennomført ei støtteordning til å ta imot fremragande internasjonale forskarar som tok eit gjesteforskaropphald ved UiS. I 2018 fekk UiS den europeiske anerkjenninga *HR Excellence in Research*.

I 2018 kom forskingsnettverket for helse og helseteknologi godt i gang med tilsetting av leiari. Nettverket jobbar målretta for å auke det tverrfaglege samarbeidet blant forskingsaktørane i regionen. UiS har arbeidd i 2018 for å etablere eit forskingsnettverk innan smartby. Dette vart gjort på bakgrunn av to workshop-sesjonar med forskarar og arbeidslivet. Ein koordinator for nettverket blir tilsett i byrjinga av 2019. Det vart òg vedtatt å tilføra seks stipendiatar til satsinga.

UiS har etter seks års samarbeid med Universitetet i Agder og Nord universitet om felles opplæring for ph.d.-rettleiarar, utdanna meir enn 130 rettleiarar ved UiS. I 2018 vart felleskurset gjennomført for siste gong. Fagmiljøa ved UiS ønskjer no å føra kurset vidare som eit eige kurs for UiS, for å dekkja det store behovet for kvalifiserte rettleiarar som institusjonen har. Ein pilot vart gjennomført i 2018 med 30 deltakarar (*PhD Supervisory Qualification Programme*). Kurset består av tre samlingar à to dagar som svarar til totalt 100 arbeidstimar.

UiS har skrive fleire nye samarbeidsavtalar og prosjekt med institusjonar frå land i Panorama-strategien. Institutt for data- og elektroteknologi ved Det teknisk-naturvitskaplege fakultet fekk i 2018 innvilga to INTPART-søknader. Prosjektet *Collaboration Network for Excellent Education and Research in Dependable and Secure Distributed Systems* rettar seg mot viktige forskingsutfordringar rundt pålitelegheiten i IKT-infrastrukturar og -system. Prosjektet har ei rekkje samarbeidspartnarar, blant anna: Cornell og University of Maryland, University of California, Irvine, Berkeley Lab, McGill, Canada og Universidade Federal da Bahia, Brasil. Prosjektet *Partnership for joint Curriculum Development and Research in Energy Informatics* tek for seg avansert bruk av IKT for å realisera overgangen til eit berekraftig, lavt CO²-utsleppsamfunn.

UiS har god dialog med det nyetablerte NORCE i samband med mobilisering til store søknader, blant anna knytt opp til den komande SFI-utlysninga.

Verksemdsområde 3: Samfunnsengasjement

Resultat og vurdering av måloppnåing

UiS har sterke tradisjonar for samspel med omverda. Gjennom samfunnsengasjementet vårt skal vi vere ein profilert formidlingsinstitusjon og ein kompetanseinstitusjon som skapar verdiar gjennom samarbeid, særleg ved å vere tett på utfordringane i samfunnet og nyskappingsarbeid i eigen region.

Saman med SUS og NORCE arbeider UiS for å skape eit nasjonalt tyngdepunkt for helseteknologi med internasjonal slagkraft når det nye universitetssjukehuset blir lokalisert på Ullandhaug i 2023. I 2018 er HelseCampus Stavanger formelt etablert med prosjektleiar, styrings- og arbeidsgruppe, som blant anna førebur etablering av eit testsenter. Dei tre hovudområda i prosjektet er simulering, sikkerheit og samfunnsengasjement.

Ein ny digital plattform for kommunikasjon med eksterne aktørar vart lansert i tråd med plan for 2018. Private og offentlege verksemder kan melde inn forslag til oppgåver på bachelor- og masternivå. Meir enn 400 oppgåver vart registrerte i portalen, og 241 av desse oppgåvene vart tildelte studentar.

Nettstaden uis.no hadde 2 529 068 besøk i 2018; dette er ein auke på 12 % frå 2017. Følgjarar i sosiale medium har gått opp frå 70 000 til 78 000 med LinkedIn på topp med 38 000 følgjarar. Indeksen vår for måling av ekstern synlegheit i digitale kanalar viser rundt 8 % auka eksponering frå 2017. I Store norske leksikon på nett har vi hatt ein auke på 46 % i sidevisningar for artiklar der tilsette ved UiS er ansvarlege. Tal på artiklar i norske aviser var 4 266. UiS sitt digitale nettverk for alumni har hatt ein medlemsvekst på rundt 10 %, og har no om lag 11 000 medlemmer.

I tråd med mål for 2018 har UiS prioritert forskingsformidling og historieforteljing om innovasjon og samspel med eksterne aktørar i digitale kanalar. Dette har vi gjort gjennom uis.no, 13 utgåver av nyheitsbrev, nettavisa forskning.no, konferansar, film, podcast-seriar, safari, føredragsserie, presse og i sosiale medium.

Vår primære eksterne kanal for forskingsformidling er forskning.no. I 2018 vart det publisert 50 saker frå UiS; om lag 20 % av desse sakene handlar særskilt om innovasjon. Tolv av sakene frå forskning.no vart publisert på engelsk på sciencenordic.com.

UiS har eit samarbeid med Validé om nyheiter og historieforteljing om innovasjon. Vi samarbeider òg om Kunnskaps_tørst, som er ein serie føredrag på campushotellet Ydalir der målet er å bidra til å skape synergi mellom forskning og næringsliv.

I 2018 var det nasjonale temaet for Forskingsdagane *oppvekst*. Festivalen hadde 5 278 besøkande på 20 arrangement, på til saman 24 ulike arenaer. Gjennom dei tolv dagane festivalen varte, møtte publikum rundt 90 forskarar. Fleire av arrangementa retta seg særskilt mot barn og unge. UiS-forskar Ben David Normann gjekk til topps i den nasjonale finalen i Forskar Grand Prix med presentasjonen «Hvordan i all verdensrommet?».

I samsvar med mål for 2018 skal UiS vere ein pådrivar for klyngeutvikling. Regionen har fått tre nye industriklynger, som var full pott i siste runde. UiS er sterkt involvert i Norwegian Energy Solutions, som har utspring i oljesektoren. Den skal vere ei globalt leiande energiklynge ved omstilling til framtidsretta, berekraftige løysingar.

UiS, Greater Stavanger, NORCE, Validé, Blue Planet, Rogaland fylkeskommune og over 40 bedrifter stod bak arenasøknaden som gav Rogaland havbruksklynga STIIM Aqua Cluster. Teknologioverføring skal bidra til at havbruksnæringa når vekstmåla sine gjennom innovasjon.

Verdiskapingsforum ved UiS hadde rekordmange deltakarar frå næringsliv, offentlege verksemdar, politikk og akademia i 2018. Samhandlingsgruppene under Verdiskapingsforum viser seg nyttige for medlemmene. Spesielt samhandlingsgruppa for store prosjekter og klyngeutvikling har bidrege til gode koplingar i forkant av oppretting av klynger.

UiS er engasjert i fleire aktivitetar i ECIU, blant anna inGenious-prosjektet der tverrfaglege team med studentar, tilsette og omgjevnader skal løyse utfordringar i samfunnet. UiS er òg med i redaksjonen for ECIU-magasinet, som fortel historia om konsortiet sitt internasjonale samarbeid om entreprenørskap og innovasjon.

Studentinkubatoren LevelUp er eit tilbod til studentar som er interesserte i entreprenørskap. Kontorplass, rådgjeving og deltaking i miljøet er uformelt og kostnadsfritt. LevelUp samarbeider tett med Validé om finansiering, rådgjeving og rekruttering til miljøet. Gjennomføring av idéverkstad og sosiale arrangement står sentralt i verksemda.

UiS og Stavanger kommune har inngått ein samarbeidsavtale som byggjer vidare på eit langt og godt samarbeid. Avtalen dekkjer nasjonal og internasjonal posisjonering, smartby og helseteknologi, arbeidskraft og kompetanseutvikling, innovasjon og næringsutvikling, by- og regionsutvikling, studentvelferd, campusutvikling, og kultur og kulturforskning.

Den internasjonale messe- og kongressarenaen ONS 2018 vart eit godt møtepunkt mellom UiS og industri. Før og under ONS vart det spelt inn podkastar om forskning, innovasjon og samarbeid. Meir enn 700 UiS-studentar i tillegg til leiing og tilsette, møtte næringslivet under ONS.

UiS var sterkt involvert i den største smartby-arenaen i Norden, Nordic Edge, med eigen sesjon og fleire føredrag under energikonferansen, i tillegg til KnowHow EdTech, der skolar og bedrifter møttest rundt aktuelle tema. På Nordic Edge vart smartby-prosjektet Triangulum formidla i samarbeid med Lyse, Stavanger kommune, Rogaland fylkeskommune og Greater Stavanger.

UiS og Næringsforeningen i Stavanger-regionen har inngått ein forpliktande samarbeidsavtale som skal gi auka forskning og kunnskapsoverføring i næringslivet og ved UiS. Det skal skapast møteplassar mellom fagmiljø og næringsliv og kontakten mellom studentane og bedriftene skal styrkast.

I samsvar med mål for 2018 har UiS arrangert samlingar med tema helse og utdanning for å stimulere felles søknadsskriving frå fagmiljøa og kommunal sektor for å møte utfordringar i framtida. Samlingane var tematisk breie, og hadde 60-70 deltakarar.

Ved Det helsevitskaplege fakultet er det jobba kontinuerleg med å stimulere vitskapleg tilsette til å registrere sine bidrag i Cristin. Nettverk for helse og teknologi er etablert i nært samarbeid med interne og eksterne aktørar. Forskarar i SHARE har hatt tett dialog med Statens undersøkelseskommisjon for helse- og omsorgstenesten i siste halvdel av 2018 og det er vedtatt å utvikle eit UiS EVU-kurs på fem studiepoeng til kommisjonen som startar hausten 2019.

Ved Det samfunnsvitskaplege fakultet er det gjennomført jamlege møter med dei viktigaste samarbeidsinstitusjonane innan sosial- og barnevernsfaga. Det er lagt til rette for samarbeidsprosjekt med Stiftelsen Learninghotels, som er ansvarleg for drifta av campushotellet Ydalir.

Ei arbeidsgruppe ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet vurderte vidareføringa av aktiviteten frå CIAM. Frå og med 2019 blir aktiviteten meir tverrfagleg, med blant anna seminarrekker retta mot studentar, tilsette og regionale aktørar.

Realfagsinteresse: UiS Skolelaboratorium har utvikla seg vidare, og aktiviteten har auka, med fleire besøk på skular og formidlingsoppdrag i ulike forum. Søknader om eksterne samarbeid er utvikla og sendt.

Strategisk satsingsområde Hav: Forskingsprogramområdet *Ocean Technology Innovation Cluster Stavanger – OTICS* har utvikla seg vidare, og fortset det strategiske samarbeidet med eksterne partnerar, blant anna mot nye Arena-kunnskapsklynger.

Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora har etablert gode strukturar for varig partnerskap med utdanningssektoren i Sør- og Midt-Rogaland inkludert barnehagesektoren. Det er etablert strukturar og fora for læring og deling for å styrke mogelegheitene for samarbeid. Det er utnemnd ein barneskole, ein ungdomsskole og ein vidaregåande skole til universitetsskular og tilsett 5 personar i deltidsstillingar for desse.

I regi av Lesesenteret har 1 300 barnehagelærarar, lærarar og PPT-tilsette frå heile landet deltatt på samlingar i Språkløyper, og 45 kommunar i 15 fylke har vore Språkkommunar. Læringsmiljøsentret er tildelt hovudansvaret for gjennomføringa av Utdanningsdirektoratets nasjonale satsing på inkluderande barnehage- og skolemiljø, og når ut til alle fylke, og nesten alle kommunar.

Fakultet for utøvande kunstfag gjennomførte over 200 konsertar og førestillingar i 2018, mange i samarbeid med partnerane. Fakultetet har bidratt i den offentlege diskursen om smartbyens kunst og kultur, som leverandør av innhald til konferansen Nordic Edge Expo og har etablert ei ph.d.-stipendiatstilling for å forske på kunst i smartbyen.

Handelshøgskolen ved UiS har etablert eit eige nettverk for alumni i samarbeid med strategi- og kommunikasjonsavdelinga ved UiS. Forholda er lagt til rette slik at tilsette kan bruke tid på å delta i den aktuelle samfunnsdebatten, gjennom føredrag, kronikkar og andre innslag i lokale og nasjonale medium. Etter- og vidareutdanningstilbodet Master i Business Administration, utgjør eit viktig treffpunkt mellom akademia og arbeidsliv.

I mykje større grad enn før har Arkeologisk museum si verksemd klart å nå heile fylket og vere tilgjengeleg for nye målgrupper. Planlegginga av basisutstilling er gjennomført med god målstyring og to nye modular blir opna i 2019. Utstillingsarealet og områda for publikum er betydeleg forbetra. Besøkstalet var 65 563, ein auke på 15 % frå året før. Mykje av auken gjeld det nye besøksenteret på Jernaldergarden.

UiS starta arbeidet med sertifisering som Miljøfyrtårn etter hovudkontormodellen i mai 2018. Hovudkontoret (fellestenestene), Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet og Det samfunnsvitenskaplege fakultet vart alle tre sertifiserte før jul 2018.

Prisar til tilsette ved UiS

Arild Lohne og Oddbjørn Nødland fekk SpareBank 1 SR-Banks innovasjonspris. Dei har forska saman og utvikla eit nytt simuleringstøytøy for oljeindustrien. Verktøyet IORCoreSim kan bidra til å spare miljøet og oppnå betre utnytting av oljereservar. Begge forskarane er tilknytte det nasjonale IOR-senteret ved UiS.



Professor Eva Johansson vart tildelt Lyses forskingspris for forskning på barn og livet i barnehagen. Johansson har vore sentral i oppbygginga av det barnehagevitskaplege forskingsmiljøet ved UiS. Forskinga har oppnådd stor respekt, både nasjonalt og internasjonalt, og er no eiomlagd leiande miljø.



TV-personlegdom og professor i medisinsk statistikk ved UiS, Jo Røislien, vart tildelt Stavanger Forums formidlingspris. Juryen skrytte av korleis Røislien viser fram det tverrfaglege og multidisiplinære i moderne forskning, og korleis han trekkjer parallellar mellom teori og praksis.



NORINT-gruppa ved UiS vart tildelt Læringsmiljøprisen 2018. Systematisk arbeid med læringsmiljø over fleire år har auka mangfaldet i andre studiar ettersom kandidatar blir rekruttert vidare til andre studieløp. NORINT har studentar frå om lag 30 ulike nasjonalitetar.

F.v.: Ann Elisabeth Laksfoss Cardozo, Wenche Thomassen, Greta Brodahl, Unni Puntervold Pereira og Gunvald Dversnes.



Som første nordmann vart professor Bernt Sigve Aadnøy tildelt SPE Oil Professional Award. Aadnøy vart utnemnd for bidrag gjennom meir enn 40 år til både petroleumsutdanninga og til næringa. Han har bidrege sterkt til å byggje opp Noregs internasjonale omdømme innanfor olje og gass.



Verksemdsområde 4: Organisasjon og ressursar

Resultat og vurdering av måloppnåing

Våre mål på dette verksemdsområdet handlar om forbetring av organisasjonskultur og miljø for arbeid og læring, og effektiv ressursutnytting. V4-måla har ei klar kopling til sektormål nr. 4 (sjå vedlegg 3).

Til å vurdere resultatoppnåinga på dette området, har vi seks styringsparametrar – tre nasjonale og tre eigne parametrar. For 2018 har vi fått positiv utvikling på fire av desse, medan to av dei syner ei utvikling i negativ retning. Saman med andre nøkkeltal for verksemdsområdet gir dei eit samansett bilete av utviklinga vår.

Utvikling av menneskelege ressursar:

Målsettinga i UiS sin bemanningsplan var at 28 % av professor- og dosentårsverka skal vere kvinner. Andelen kvinner passerte 30 % i 2018, som svarar til ein auke på ca. 4,5 % sidan 2017. Dermed har UiS allereie overskride målet for 2020 med god margin. Samtidig er prosentdelen kvinner i førstestillingar 44,7, som er opp over 2,8 % frå 2017. Det er også godt over målet om 42 % kvinner i førstestillingar i 2018. Mykje av forklaringa på at desse måltala har auka ligg nok i balanseprosjektet *Kvinner til topps* (sjå nedanfor).

Prosentdelen førstekompetanse totalt var 73,5 i 2018, dvs. ein klar auke frå 2017. Målsetting for 2018 var 73 %. Det blir stadig tilsett universitetslektorar der fakulteta opplever at det er vanskeleg å få tak i tilstrekkeleg høg kompetanse.

På nasjonalt styringsparameter mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, ser vi ei positiv trend, frå 17,2 % for to år sidan til 15,1 % i 2018. Prosentdelen mellombelse årsverk samla, var i 2018 17, som er ein nedgang på ca. 0,7 % frå 2017. Det er likevel langt frå målet om 10 % mellombelse årsverk i 2018.

Andel kvinner i leiarstillingar var i 2018 46,2 %, opp over tre prosentpoeng frå 2017. Dette er så vidt over målet om ein kvinneandel på 46 % i 2018.

Effektiv ressursutnytting og ressurstilgang:

Nasjonale parametrar på tal på studiepoeng per fagleg årsverk syner ein klar tendens med nedgang gjennom fleire år, og frå 507,1 i 2017 til 503,3 i 2018. UiS ligg fortsatt høgt samanlikna med snitt for sektoren på denne parameteren, klart over dei eldste institusjonane, men òg godt under høgskolane.

I noverande strategi for UiS har vi sett eit ambisiøst måltal for totale eksterne inntekter som del av statlege inntekter, 25 % i 2020. I 2018 vart resultat på denne parameteren berre 16,2 %. Vi er ikkje nøgde med utviklinga innan eksternt finansiert aktivitet, men samstundes gjer den store auken i statlege løyvingar avstanden til 2020-målet ekstra utfordrande.

Effektiv utnytting av areala vi disponerer har vore ei stor utfordring i 2018. På campus Ullandhaug fekk vi i desember omkring 2 000 m² nye areal til undervisning og kontorarbeidsplassar. Saman med leigeavtale for 2 600 m² ved Arkivenes hus, utgjer dette den største endringa i areal dei siste åra. Dei endringsprosessane vi har gjennomført sidan 2017, med vedtekne omorganiseringar, har utløyst større areal- og ombyggingsbehov enn vi forutsåg og det blir fortsatt arbeidd med å løysa desse.

Kostnader ift. årsverk mm.	2016	2017	2018	Utvikling
Driftskostnader	1 613 461	1 691 722	1 831 082	
Driftskostn. per årsverk	1 176	1 189	1 235	
Driftskostn. per studiepoengeining	224,2	223,5	238,3	
Driftskostn. per publiseringspoeng*	2 004	1 657	1 801	
Areal per årsverk	98,0	99,5	97,4	

* ny berekningsmetode frå 2015, førebels tal publisering 2018

Fellestiltak

Blant dei planlagde fellestiltaka i 2018 vart den nye digitale plattformen for intern informasjon, kommunikasjon, samhandling og stønad (intranettet) lansert på hausten. Samtidig er det framleis utviklings- og integrasjonsarbeid mot andre digitale plattformer, blant anna dei elektroniske handbøkene.

OU-prosessen er vidareført i 2018, med implementering av vedtekne organisasjonsutviklingstiltak, dvs. intern fagleg organisering av fakulteta og ny administrativ organisering. Førstnemnde inneber etablering av nye institutt og avdelingar, primært under dei tre nye fakulteta, Det helsevitskaplege fakultet, Handelshøgskolen ved UiS og Fakultet for utøvande kunstfag. Den nye administrative organiseringa inneber blant anna samorganisering av både økonomifunksjonen og HR-funksjonen, samt innføring av ein to-nivåmodell i administrasjonen, der administrative ressursar blir allokert på institusjonsnivå og fakultetsnivå, men samtidig kan dedikerast til institutta i den grad det er nødvendig og formålstenleg. Målsettingane med desse grepa har vore å sikre betre ressurstilgang og -utnytting, og styrke leiing og koordinering, som òg har vore to av dei overordna målsettingane med OU-prosessen.

I løpet av 2018 er det greidd ut og gjort vedtak om ny organisasjons- og leiingsstruktur under tilsett rektor, i samband med at denne ordninga trer i kraft frå 1. august 2019. Det er òg gjort andre førebuingar til iverksettinga av denne. Hovudfokus ved fastsetting av ny struktur har vore å styrke den faglege leiinga.

Som ledd i utviklinga av eit heilskapleg karriereutviklingssystem for vitskapleg tilsette, vart det i 2018 utarbeidd eit forslag til meritteringsordning som i større grad vil verdsetje arbeid med undervisning.

Balanseprosjektet *Kvinner til topps*, finansiert av Noregs forskingsråd, vart vidareført som planlagt gjennom 2018 og avslutta i løpet av året. 22 kvinneleg tilsette var opphavleg tatt opp på programmet, som starta i 2014. Ved utgangen av 2018 hadde åtte av desse oppnådd professorkompetanse. Ytterlegare ti hadde anten sendt søknaden sin om professoropptrykk eller var svært nær ved å sende søknad. Styret vedtok i løpet av hausten å vidareføre opptrykksprosjektet, som var ein del av *Kvinner til topps*, med intern finansiering.

Andre institusjonelle tiltak

Forutan dei gjennomførte fellestiltaka er det gjort fleire viktige grep knytte til organisasjon og ressursar. Blant anna er det gjennomført ei rekke tiltak for å styrke arbeidet med avbyråkratisering og effektivisering, særleg med omsyn til digitalisering. Blant dei viktigaste, er utvikling av ein eigen plan for digitalisering, etablering av ei ny stilling som digitaliseringskoordinator og utarbeiding av retningslinjer for digitalisering. I tillegg har arbeidet med det delvis DIFI-finansierte prosjektet «UiS digitale campus» pågått for fullt, med utvikling av ein eigen innkjøpsportal, ein samhandlingsportal mellom UiS og næringslivet, ein oppdragsportal for timelønnte og oppdragstakarar, ein digital studentekspedisjon og eit datavarehus. Innkjøpsportalen, samhandlingsportalen og datavarehuset er allereie heilt eller delvis gjennomførte og sette i drift. Dette har allereie gitt gevinstar med tanke på

koordinering og forenkling av innkjøp, samhandling med arbeidslivet og tilgang til styringsdata. Samtidig fortset utviklingsarbeidet for fullt på dei ulike områda.

Som ledd i oppfølginga av studietilsynsforskrifta er det gjennom året utvikla og gjennomført interne kurs for ca. 60 studieprogramleiarar. Ettersom rolla som studieprogramleiar er ny, har det vore ei målsetting å sikre at denne rolla blir utøvd på same måte overalt i universitetet, blant anna gjennom å gi studieprogramleiarane dei same føresetnadene for å fylle rolla.

Det kollegabaserte rettleiingsprogrammet for nytilsette, NyTi, vart vidareført i 2018, med 45 deltakarar, ein auke på ca. 10 % frå 2017. Programmet er ein del av satsinga universitetet har på undervisningskvalitet. Det er obligatorisk, og utgjer ein del av introduksjonsprogrammet for nytilsette i vitenskaplege stillingar.

Det eittårige basiskurset for vitenskapleg tilsette vart vidareført i 2018, med oppstart av eit nytt kurs med heile 83 deltakarar hausten 2018. Dette representerer ei tredobling i talet på deltakarar jamført med tidlegare år. Kurset representerer ei vidareføring av NyTi, og formålet er å auke den pedagogiske og didaktiske kompetansen blant dei vitenskapleg tilsette, med sikte på auka undervisnings-/studiekvalitet og dermed gjennomstrømming, fullføringsgrad osv. Den store auken i talet på deltakarar kjem truleg av den store vektla slik kompetanse har fått blant anna som følge av endringar i regelverket for opprykk til professor.

I tillegg vart det hausten 2018 sett i gang eit eittårig eksternt kurs i forskingsleiing for å styrke kompetansen hos dei vitenskapleg tilsette på leiing av forskingsprosjekt. Her var det i alt 35 søkjarar til 24 plassar. Det er i tillegg utvikla eit nytt leiarutviklingsprogram for formelle leiarar i organisasjonen, med planlagt oppstart i 2019. Målsettinga med kurset er å gi desse best mogeleg føresetnader for å utøve leiarrolla på ein god måte, gjennom å vere gode personalleiarar og oppnå best mogeleg resultat for einingane sine.

For å følge opp sertifiseringa som *HR Excellence in Research* som UiS fekk i 2017, og ytterlegare styrke innsatsen på internasjonal rekruttering og mobilitet blant tilsette, er det etablert eit eige *Euraxess Mobility Center* som del av HR-avdelinga. Dette senteret jobbar spesifikt med hjelp og rådgiving for innkomande og utreisande forskingsmobilitet, tilsettutveksling og mobilitetsverktøy for kompetanse og karriereutvikling. Tiltaket er også eit ledd i oppfølginga av strategien, der internasjonalisering er eitt av tre gjennomgripande og tverrgåande satsingsområde.

Anna rapportering

Resultat og måloppnåing for midlar til oppgradering av bygg ved sjølvforvaltande institusjonar

Ikkje aktuelt for Universitetet i Stavanger.

Resultat og måloppnåing for midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar

Ikkje aktuelt for Universitetet i Stavanger.

Resultat og måloppnåing for midlar tildelt over kap. 281 post 01 og 45

I 2018 vart det løyvd 2,7 millionar kroner til vitenskapleg utstyr gjennom den vanlege løyvinga til Universitetet i Stavanger. Midlane skulle nyttas til modernisering av utstyrsparcken ved institusjonar på Sør- og Vestlandet.

I tillegg fekk UiS ei ekstra løyving på 4 millionar kroner til oppgradering av laboratoriefasilitetar for teknologiske fag og magasina ved Arkeologisk museum gjennom revidert nasjonalbudsjett (kap. 260 post 50).

UiS har nytta midlane fullt ut, og tabellen nedanfor oppsummerar dei ulike formåla midlane, til saman 6,7 millionar kroner, har gått til:

Oversikt over bruk av utstyrsmidlar 2018:	
Ombygging og innreiing ny sjukepleielab	500 000
Investeringar i medielab, drone og utstyr	500 000
Nye magasinskap på arkeologisk museum	500 000
Digitalisering av opptaksstudio (musikkproduksjon og opptaksteknikk)	1 500 000
Laserkuttar og anna digitalt utstyr til lærarutdanningane	500 000
Diverse utstyr til laboratorium for teknologiske fag; 3D-printer for metall, instrument til prosesslab, live-kamera til transmisjonsmikroskop, utstyr til fysikklab mm	3 200 000
Sum disponert	6 700 000

Resultat og måloppnåing for andre midlar tildelt i supplerande tildelingsbrev i 2018

Oppfølging av delegasjonsbesøk til Kina

Ved UiS var det særleg fagmiljø ved Det teknisk-naturvitenskaplege fakultet som hadde stor nytte av delegasjonsreisa til Kina. Fakultetet har allereie et godt samarbeid med kinesiske partnerar, særleg innan fagområda data/Computer Science og havteknologi. Etter delegasjonsbesøket er avtalen med Huazong University of Science and Technology fornya og ei ny avtale med Tsinghua University signert, både innan data/Computer Science. Reisa resulterte og i ein EU-søknad og ytterlegare to søknader er under planlegging, ein til NFR sitt CHINOR-program og ein til EU sitt Kina-program. Det datafaglege miljøet ved UiS arbeider med å etablera tettare samarbeid med universitet i Beijing, Shanghai, Hangzhou, Nanjing og Qingdao.

Fagmiljøet innan havteknologi har eit sterkt utdannings- og forskingssamarbeid med kinesiske universitet som er leiande innan Ocean Technology; Harbin Engineering University, Jiangsu University of Science and Technology og Dalian Maritime University. Fagmiljøet planlegg student- og tilsettutveksling med Harbin, Jiangsu og Dalian, samt søknader til EU og NFR ved neste høve. UiS har og samarbeid med Ocean University of China innan storskala offshore fiskeoppdrett. UiS har hatt tilsette frå universitetet på forskingsopphald og planlegg ei styrking av tilsettutvekslinga samt felles søknader til NFR, NSFC og EU.

Midlar til studieplassar i sjukepleieutdanning (kap. 260 post 50)

Gjennom revidert nasjonalbudsjett fekk UiS midlar til 20 nye studieplassar til bachelor i sjukepleie. Med dette auka talet opptaksplassar hausten 2018 frå 275 til 295. Per 1. september 2018 var det registrert 296 studentar til dei 295 plassane.

Midlar til rekrutteringsstillingar (kap. 260 post 50)

I 2018 fekk UiS midlar til ei ny rekrutteringsstilling i den opprinnelige løyvinga. Stillinga vart tildelt Det helsevitenskaplege fakultet ved forskingsnettverket helse- og helseteknologi. Stillinga skal styrke forskinga knytta til koplinga av teknologi og helse, og overgangen mellom primær- og

spesialisthelsetenesta. Det er forventa at stillinga skal vere eit tett samarbeid med Det teknisk-vitskaplege fakultet som er vert for programområdet for forskning innan helseteknologi.

Gjennom revidert nasjonalbudsjett 2018 fekk UiS midlar til ni nye rekrutteringsstillingar. Desse vart fordelte på følgjande vis:

Ei stilling til Det samfunnsvitskaplege fakultet knytta opp til forskning innan velferd.

Ei stilling til Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora knytta opp til FILIORUM.

Ei stilling til Fakultet for utøvande kunstfag knytta opp til kunstnarisk utviklingsprogram.

To stillingar til Det helsevitskaplege fakultet og to til Det teknisk-naturvitskaplege fakultet øyremerka medisinsk satsing. Stillingane skal støtte opp om og byggje vidare på det tverrfakultære samarbeidet som grunnlag for satsinga på medisinutdanning ved UiS.

To stillingar til Det teknisk-naturvitskaplege fakultet knytte opp til smartby-satsinga ved UiS.

Midlar til styrkt digital kompetanse i grunnskolelærerutdanningane (kap. 281 post 01)

I 2018 fekk Universitetet i Stavanger 2,5 millionar kroner til dette tiltaket.

Grunnskolelærerutdanningane har gjennomført utviklingsprosjekt innan bruk av læringsteknologi, og har fått midlar til å utvikla eigen kompetanse samt kjøpa inn utstyr i tråd med prosjekta. I tillegg er det lyst ut midlar til styrking av digital kompetanse, kjøpt inn læringsteknologi til utbetring av undervisningsrom og brukt ressursar på utvikling av kartlegging av kompetanse.

Midlar til utvikling og drift av partnerskap i grunnskolelærerutdanningane (kap. 281 post 01)

I 2018 fekk UiS 2 944 millionar kroner til dette tiltaket. Midlane har gått til utvikling av pilotprosjekt og utlysing av universitetsskolesatsing i partnerskap med kommunar og fylker. Det er utnemnd tre universitetsskular og halde oppstartsseminar med desse. Til saman fem personar er tilsette i deltidsstillingar på mellom 10-20 % for å arbeida med dette tiltaket.

IV Styring og kontroll i verksemda

Rapportering om styring og kontroll

Universitetet i Stavanger har etablert tilfredsstillande styring og kontroll i samsvar med Økonomireglementet §§4 og 14 og vedtak i pkt. 2.4 om intern kontroll.

- 1) Strategidokumentet omtalar UiS sine hovudoppgåver og mål, og er det overordna styringsdokumentet. Her blir det omtalt korleis ansvar, oppgåver og myndigheit er fordelt.
- 2) UiS har etablert nettbasert tilgang til aktuelle lovar og føresegner som gjeld for verksemda gjennom eigne handbøker på intranett: økonomihandbok, prosjekthandbok, medarbeidarhandbok, leiarhandbok og HMS-handbok.
- 3) ISO-sertifisering av IT-sikkerheita (informasjonsteknologi) ved universitetet.
- 4) Nødvendig opplæring og kurs er ein viktig del av styring og kontroll ved UiS, slik at arbeidstakarane har kunnskapen og ferdigheitene dei treng innanfor sine aktuelle fagfelt.
- 5) UiS arbeider kontinuerleg med kartlegging og oppdatering av hovudprosessane ved UiS. Dette er vorte utført gjennom prosesskart/flytdiagram. Prosesskarta inneheld sklidringar av prosessar frå start til slutt, med tilhøyrande identifiserte risikoar gjennom prosessen.
- 6) UiS har etablert risikostyringsverktøy på ulike nivå i verksemda.

Denne prosessen med tilhøyrande tiltak er sett i gang over dei siste åra, blant anna for å bistå leiinga med å handtere risiko i tråd med risikonivået det er semje om.

Universitetet si tilnærming byggjer på anerkjende rammeverk for risikostyring, COSO-rammeverket, og arbeidet byggjer på ei vurdering av vesentlege og kritiske hendingar som kan påverke måloppnåing. Hendingane vert vurdert med tanke på sannsynlegheit for at noko skjer samt konsekvens, der svakheiter i kontrollsystema er identifisert. Dette dannar grunnlag for å vurdere kvaliteten i det etablerte interne kontrollsystemet, eventuelt koma med innspel til utvikling av nye nøkkell kontrollar og leggje til rette for tiltak.

UiS har utvikla internkontrollsystemet på følgjande komponentar:

- a) Kontrollmiljø
- b) Risikovurderingar
- c) Kontrollaktivitetar
- d) Informasjon og kommunikasjon
- e) Oppfølging

Desse komponentane skal understøtte verksemda sine mål om:

- f) Målretta og formålstenleg drift
- g) Påliteleg rapportering
- h) At lovar og reglar blir overhaldne

UiS sin modell for internkontroll er per i dag ikkje er uttømmende, men det blir arbeid kontinuerleg med ytterlegare tilpassingar og forbetringar av prosessane. Internkontroll-løysingane ved UiS blir vurdert til å gi tilstrekkeleg og god forvaltningskvalitet i form av målretta og effektiv drift, påliteleg rapportering og overhalding av lovar og reglar. Internkontroll er ein kontinuerleg prosess ved verksemda og moglege avvik blir følgde opp.

Når det gjeld spesielle hendingar, vesentlege forhold og vesentlege endringar samt særskilte tiltak i 2018 kan UiS fortelje om følgjande. UiS har vore og er framleis i ein omstillingsprosess der ny administrativ organisering inneber blant anna samorganisering og lokalisering av økonomifunksjonen og HR-funksjonen. Vidare er det innført ein såkalla to-nivåmodell i administrasjonen, med organisering av dei administrative ressursane på institusjonsnivå og på fakultetsnivå, og ikkje som tidlegare, på alle tre nivå i verksemda. Fakulteta har framleis dedikerte ressursar som støtter institutta.

Styret har vidare vedtatt at UiS frå 1. august 2019 endrar hovudmodell for styring og leiging, og vil då innføre einskapleg leiging med tilsett rektor og ekstern styreleiar.

UiS har ingen vesentlege merknadar frå Riksrevisjonen i Dokument 1 til oppfølging. Vår vurdering er at verksemda har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gjennomføre den administrative forvaltninga med tilstrekkeleg kvalitet.

Personvern og informasjonssikkerheit

UiS har i 2018 oppnemnt eit personvernombod med hovudoppgåve å informere og gi råd om dei forskjellige forpliktingane verksemda har etter den nye personvernloven. Personvernombodet skal òg rapportera jevnleg til behandlingansvarleg. Dersom tilsette, studentar eller andre ber om innsyn i eigne persondata, skal førespurnaden gå via personvernombodet.

UiS har hausten 2018 arbeidd blant anna med å:

- ferdigstilla GDPR-prosjektet, herunder utarbeiding av policy og håndbok i GDPR
- ferdigstilla kartlegging av behandlingsaktivitetar hos dei einiskilde einingane
- gjennomføre vurdering av risiko- og personvernkonsekvensar for alle behandlingar der det er nødvendig
- få på plass alle databehandlingsavtaler frå leverandørar UiS nyttar seg av, som behandlar våre persondata
- utarbeide ei sjekkliste for dei ulike einingane og saksbehandlarar for handtering av personvern
- kontrollere at interne rutinar for personvern vert etterlevd
- ha oppfølging og opplæring av tilsette

Studentombud

Styret ved UiS vedtok allereie i 2014 å etablere ordning med studentombod, gjeldande frå 1. januar 2015. For 2018 hadde fungerande studentombod ein 50 % stillingsressurs, men frå 2019 er stillinga auka til 100 %. Studentombodet er frå 2018 fast observatør i universitetet sitt læringsmiljøutval.

Kvalitetssystem for utdanning

Kvalitetsarbeidet ved UiS skal byggje på nasjonale og internasjonale standardar og forventningar og krav frå omgivnader og studentar. Studiekvalitetssystemet skal vere knytta til overordna styrande dokument. UiS har utvikla eit dialogbasert kvalitetssystem der Handalsutvalet sin studiekvalitetsmodell (1990) er lagt til grunn. Kvalitetssystemet vart revidert i 2018, og foreslåtte endringar sendt på høyring i institusjonen i desember. Revisjonen går primært på å utvikla studiene sine programkvalitetar, undervisningskvalitet og rammekvalitet. Systemet rettar seg mot kvalitet i emnene, studieprogramma, og studieporteføljene.

Eit dialogbasert kvalitetssystem inneber at det systematisk blir samtala om innsamla data, analysar av desse og forbetringar. Dialogen handlar òg om å etablere felles forståing av kvalitet og sette felles

mål. Kvalitetsdialogen involverer studentar, vitenskapleg tilsette, studieadministrativt tilsette og eksterne aktørar.

Sju faktorar er definert som avgjerande for studiekvalitetsarbeidet ved UiS, på emne- program- og porteføljnivå:

Engasjement	Studentane og faglærarane sitt engasjement, ambisjonar og involvering
Tilbakemelding	Tilbakemeldingar og vurderingar av fagleg og studiemessig art
Undervisning	Fagleg styrke ved undervisninga og studentaktiv læring
Læringsutbytte	Læringsutbyttebeskrivingar som gir meningsfull informasjon om kva som skal vere resultat av studenten si læring
Arbeidslivsrelevans	Studieprogram utvikla i samarbeid med, og med relevans for, arbeidslivet
Internasjonalisering	Internasjonalisering som naturleg del av utdanninga
Forskingsbasert	Forskingsbasert utdanning og undervisning

Arbeidslivskriminalitet

Som ein del av anskaffingsstrategien til UiS for perioden 2017-2018 er det utarbeidd ein handlingsplan for etisk handel. UiS tar aktivt samfunnsansvar gjennom å stilla krav til menneskerettar, arbeidstakarrettar, utvikling og miljø i utvalde anskaffingar. UiS stiller etiske krav både som kontraktsvilkår og kvalifikasjonskrav i dei utvalde anskaffingane. Dette blir følgt opp gjennom avtaleperioden dersom ein har inngått ein rammeavtale. UiS har ein rutine for å følgje opp etiske krav i rammeavtalar. I løpet av 2019 vil det bli gjennomført ein kontorrevisjon hos ein av leverandørane der dette vil bli ytterlegare følgt opp.

UiS er medlem av *Initiativ for etisk handel* (IEH), og som ei forplikting i dette medlemskapet må ein kvart år rapportera om framdrifta når det gjeld etiske krav. Rapporten er offentleg tilgjengeleg og dei siste rapportane er òg tilgjengelege på universitetet sine eksterne nettsider. UiS er for øvrig i ein prosess for å bli sertifisert som miljøfyrtårn.

UiS stiller relevante krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår i alle tenestekontraktar. Leverandøren skal sørge for at tilsette hos leverandøren og eventuelle underleverandører som direkte medverkar til å følgje opp kontraktar, har løns- og arbeidsvilkår i samsvar med bestemmingane inntekne i forskrift 8. februar 2008 nr. 112 om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. UiS vil i løpet av 2019 etablere ein rutine for å følgje opp løns- og arbeidsvilkår i tenestekontraktar der det kan vere risiko for brudd på slike vilkår.

Samfunnssikkerheit og beredskap

UiS gjennomførte i 2018 risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) for beredskapen i alle universitetet sine 32 organisasjonseiningar. ROS-analysene blir gjennomført i KunnskapsCIM og blir gjentekne årleg for å styrke risikoerkjening, førebygging og beredskap.

Det ligg ikkje føre hendingar eller innhald i ROS-analysane frå 2018 som for beredskapen inneber høg eller middels sannsynlegheit.

For å styrke responsevna ved alvorlege hendingar blir det implementert sjekklister/tiltakskort for alvorlege uønska hendingar på mobiltelefonar til tilsette og studentar. Desse er tilgjengelege på www.uis.no/krise. Det blir lagt vekt på å gjere den mest kritiske informasjonen for liv og helse i ein akutt situasjon tilgjengeleg for studentar og tilsette på handhaldne kommunikasjonsflater.

UiS har gjennomført jamlege samlingar for den sentrale kriseleiinga, samt to kriseøvingar for universitetet si sentrale kriseleiing og ei øving for kriseleiinga sin informasjonsstab. Øvingane blir gjennomført som varslingsøving og «tabletop»-øving. I tillegg har det vore felles brannøving og lokale brannøvingar II.

Det er tilrettelagt for ekstern lokalisering av kriseleiinga og omsorgsgruppa, utanfor campus, i tillegg til den noverande lokaliseringa på universitetsområdet.

Beredskapsdokumentasjonen er ein integrert del av medarbeidarhandboka på UiS sitt intranett. Universitetet har beredskap- og kriseplan med retningslinjer for handtering av krise, ansvarsforhold, oppgåver og oversikt over den sentrale kriseleiinga, varslingsplan og telefonlister, handlingsplan for intern og ekstern informasjon i kriser, handlingsplanar for ulike krisehendingar, psykososial beredskapsplan, sjekklister, brannorganisasjon og instruksar, sentrale aktørar ved krisehendingar m.m. Denne informasjonen er no lagra i UiS KunnskapsCIM, planverk.

Det er gjennomført evakueringsøvingar i alle UiS-bygg i 2018. Opplæringsvideo om brannvern for tilsette og studentar (norsk og engelsk) ligg tilgjengeleg på nettet. Tilsette er forplikta til å sjå filmen om brannvern ved UiS kvart tredje år og skriftleg kvittere ut at dei har sett denne.

UiS deltok på Norsk Senter for Informasjonssikring (NorSIS) sin kampanje hausten 2018 for å styrke risikoerkjening, sikkerheitskultur, kompetanse og haldningar knytte til IT-sikkerheit. I 2018 vidareførte UiS praksisen med at alle studentar og tilsette ved UiS tok imot fleire modular videoopplæring i informasjonssikkerheit i samband med informasjonssikkerheitsmånaden (oktober).

Beredskaps- og sikkerheitsarbeidet blir rapportert til styret ved UiS som ein integrert del av HMS-rapporteringa.

For å styrke gjennomføringsevna i krise, samt kvaliteten og effektiviteten i det daglege beredskapsarbeidet blir KunnskapsCIM tatt i bruk i ordinær drift av universitetet og det blir arbeid systematisk med opplæring. Det er utarbeidd rutine for hendingar til monitorering, dei skal no registrerast i kunnskapsCIM og gi ny og betre beredskap og dokumentasjon til hendingar med eskaleringspotensial.

For å styrke kunnskapsdelinga på beredskapsområdet har UiS deltatt i etablering og drift av eit nettverk for øving i UH-sektoren.

Det er gjennomført/revidert ein ROS-analyse i 2018, som er følgt opp gjennom dokumenterte tiltak.

Det er gjennomført og evaluert ei kriseøving i 2018, som blir følgt opp gjennom dokumenterte tiltak.

IT-avdelinga ved UiS er sertifisert etter ISO 27001:2013 og ein ekstern revisjon for fornying av sertifikatet vart gjennomført i 2017. Dette inneber at IT-avdelinga har eit levande system for leiing som inkluderer informasjonssikkerheit. Informasjonssikkerheit blir styrt gjennom overordna retningslinjer som beskriv mål, strategi, prinsipp, roller og ansvarsområder for informasjonssikkerheit ved UiS. Vidare har IT-avdelinga i 2018 arbeid med eit prosjekt å for etterleve GDPR-krava ved UiS. UiS er i ferd med å etablere eit oppdatert system for leiing av informasjonssikkerheit og personvern, vedtatt av styret ved UiS i februar 2019.

For 2019 er det planlagt følgjande tiltak:

Fortsetja arbeidet med å styrke responsevna i «den spisse enden» av UiS sin beredskap ved å utvikle rollebasert opplæring av alle studentar og tilsette og å etablere eige telefonnummer for beredskap.

Gjennomføre ROS-analyse av moglege beredskapshendingar i alle UiS sine organisasjonseiningar. Gjennomføre ein ytterlegare prosess for ROS-analyse av beredskapen på overordna institusjonsnivå med sterkare fagleg kompetanse knytt til dei ulike moglege beredskapshendingane.

Oppdatere system for leiing av informasjonssikkerheit og personvern jf. vedtak i styret for Universitetet i Stavanger i februar 2019.

UiS vil følge opp samfunnssikkerheits- og beredskapsarbeidet i tråd med Kunnskapsdepartementet sine forventningar i tildelingsbrev til UiS for 2019 og styringsdokument for beredskapen.

Lærlingar

UiS hadde åtte lærlingar ved utgangen av 2018: tre på IKT-service, tre på kontor og administrasjon og to på laboratoriefag. Dette er ein auke frå seks lærlingar i 2017, og berre tre i 2016. Vi fekk tilbakemelding på låg andel lærlingar per administrativt årsverk samanlikna med sektoren, i etatsstyringsdialogen 2018. Sjølv om dette har betra seg noko, har vi ein ambisjon om ytterlegare auke, til 10 lærlingar frå hausten 2019. UiS har intensjon om å knyte til seg opplæringskontor i einskilde lærefag frå 2019.

Årsverk	2016	2017	2018
Administrative stillingar	348,5	357,29	377,4
Andre stillingar (lærlingar)	3	6	8
Andel lærlingar per adm. årsverk	0,86 %	1,68 %	2,12 %

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjengelegheit

UiS er generelt opptatt av å få til ei god utvikling av det psykososiale arbeidsmiljøet, blant anna gjennom å redusere mobbing og trakassering. Sistnemnde har UiS arbeidd systematisk med sidan 2009, då medarbeidarundersøkinga vart gjennomført for første gang. Sidan har medarbeidarundersøkinga vorte gjennomført anna kvart år. I undersøkinga blir dei tilsette stilt spørsmål relatert til forskjellsbehandling på bakgrunn av kjønn, alder og etnisitet. For 2019 er det òg lagt inn eigne spørsmål relatert til seksuell trakassering (dei same spørsmåla som vil bli stilt i den nasjonale undersøkinga om seksuell trakassering). I etterkant av undersøkingane gjennomfører vi eit systematisk og kontinuerleg oppfølgingsarbeid. Blant anna er det systematisk oppfølging av dei einingane som rapporterer om arbeidsmiljøproblem. Medarbeidarundersøkinga viser at mobbetala ved UiS har gått signifikant ned i løpet av dei ti åra undersøkinga er gjennomført, frå nær 10 % på det høgaste til 4,5 %.

UiS har lenge hatt rutinar for varsling av kritikkverdige forhold. Leiarar og tilsette ved UiS blir jamleg informert og minna om varslingsrutinar. I 2018 vart det utvikla eit elektronisk varslingssystem for slike og andre forhold. Varslingssystemet er todelt, eit for studentar og eit for tilsette. Resultat frå Studiebarometeret 2018 tyder på at vi framleis må styrke innsatsen for å gjere varslingssystemet kjent blant studentane.

Vidare får leiarar systematisk opplæring og trening i konflikthandtering. Kvar haust får nye leiarar også grunnleggjande opplæring i ein del sentrale arbeidsgjevarspørsmål. Tema som likestilling og mangfald inngår i denne opplæringa. I 2018 starta UiS utvikling av eit heilskapleg leiarutviklingsprogram som skal settast i verk frå 2019. I dette programmet vil likestilling og mangfaldsarbeid/-leiing inngå, der tema er korleis ein kan motverke og handtere diskriminering. Det vil bli særleg fokus på mangfaldsgevinsten.

Ved nyrekruttering vurderer vi om kvinner, ev. menn, skal oppmodast særskilt til å søke den aktuelle stillinga, på bakgrunn av kjønnsamansetting ved eininga eller for stillingsgruppa. Rekrutteringssystemet tek vare på søkjaren sine moglegheiter for å informere om både etnisitet og nedsett funksjonsevne, slik at rettane deira blir sikra i rekrutteringsprosessen. Det er fleire døme på at personar med annan etnisitet eller nedsett funksjonsevne, er rekruttert til ledige stillingar. I 2018 vart det tilsett 15 personar med innvandrarbakgrunn.

Inkluderingsdugnaden – fellesføring

UiS er ei IA-bedrift og har ein handlingsplan for inkluderande arbeidsliv. For 2018 oppnådde vi eit nærvær på 96,5 %, på nivå med målsettinga, og om lag som i 2017. UiS tenker inkludering i vid forstand, og har derfor etablert ei rekke inkluderings- og velferdsordningar også for utanlandske tilsette. Blant anna får dei ulike tilbod om språkopplæring og deltaking på mottaksprogram saman med eventuell ektefelle/partnar. Seniorpolitikken ved UiS er òg sentral i å byggje ein inkluderande kultur i heile verksemda. UiS har til ei kvar tid mange personar på praksisplass via NAV. Ved utgangen av 2018 hadde UiS i alt 13 personar på arbeidsmarknadstiltak på midlar frå NAV eller med delfinansiering frå NAV. Gjennom åra har vi hatt ei rekke døme på at personar med praksisplass har fått arbeid ved UiS, fast eller mellombels. Her er det så langt ikkje ført konkret statistikk og vi kan derfor ikkje rapportere tal for 2018 i tråd med fellesføringa til statlege verksemdar.

V Vurdering av framtidsutsikter

Innledning

Vårt samfunnsoppdrag er høyere utdanning, forskning og kunstnerisk utviklingsarbeid, formidling og innovasjon. Dette oppdraget har vi konkretisert og gjort til vårt motto: *Vi vil utfordre det velkjente og utforske det ukjente.*

Vår visjon - drivkraft i kunnskapsutvikling og endring: *Universitetet i Stavanger skal ha en innovativ og internasjonal profil og være en drivkraft i kunnskapsutviklingen og endringsprosesser i samfunnet.*

Strategi for UiS 2017-2020 har tre tverrgående og gjennomgripende satsingsområder: samfunnsutvikling og innovasjon, internasjonalisering og digitalisering.

Våre verdier er *uavhengig, involverende og skapende.*

Denne felles planen inneholder de tiltak som prioriteres for kommende år for å sikre måloppnåelse på alle virksomhetsområder i tråd med visjon, verdier og motto.

1 Virksomhetsområde 1: utdanning

1.1 Virksomhetsmål

Universitetets hovedmål er å være et attraktivt universitet av høy internasjonal kvalitet med studier tilpasset fremtidens arbeidsliv. Våre tverrgående satsinger - digitalisering, internasjonalisering, samfunnsutvikling og innovasjon – og utviklingsavtalen mellom KD og UiS, er grunnlag for planen for dette virksomhetsområdet.

